

# Godøysund



*Dei gamle gjestgjevarstadene låg strategisk plasserte med god hamn og ankringstilbøve der reisande folk ferdast. GODØYSUND, eller Gøysundet som dei sa, låg midt i Tysnes sokn, med lett tilkomst sjøvegen, også for den lokale allmugen. Gøysundet er mellom dei eldste gjestgjevarstadene i Sunnhordland.*

Handelsstaden i Godøysund på slutten av 1800-talet.  
«Godøysund Hotel», som vart eitt av dei fasjonable fjordhotella tidleg på 1900-talet.

Den eldste saga frå Godøysund er ukjend, før staden får ei oppbløming i samband med skottheandelen på 15- og 16-hundretalet. Namnet dukkar første gang opp i kjeldene som lasteplass for skotteskipa (①98), tidleg på 1600-talet. «Gøysundet» var etter kvart herberge for reisande folk, det var handelsstad (kremmarleie), det var skyss-skifte og frå 1750 var det tingstad for Opdal skipreide i over hundre år. Gjestgjevarane hadde elles ein liten bygselplass, og dei fiska med større og betre reiskap enn allmugen elles. Så dreiv dei jamt med oppkjøp og salting av sild og fisk.

Godt ut på 1800-talet kom det ein ny fase i Godøysund si søge. Staden vart

rusta opp til landhandel med postkontor og dampskipsstoppestad. Dei siste skotteskipa kan ha vitja Godøysundet så seint som i byrjinga av 1800-åra.

Så kom skiftet til det moderne «Godøysund» ut på 1880-talet, då bergensaren Gullaksen bygde opp «Godøysund Hotel». Dette innleier turismen i Tysnes. Dei første gjestene var utlendingar, helst engelskmenn. Litt ut på 1900-talet vart Godøysund oppdaga av det bergenske borgarskapet.

I 1960-åra vart landhandel og postopneri nedlagde, dampskipsstoppestaden fall vekk, og i dag er berre hotellet tilbake. □

## BÅTSTAMNAR I MYR

Under vegarbeid på DALLAND i 1948 vart det i ei myr funne trerestar med utskjeringar på. Mesteparten vart kasta, men eit stykke vart innsendt til Bergen Museum. Det syntte seg å vera ein båtstamn av eik, der enden var forma som eit dyrehovud med innrita kjeft og tenner.

Funnet vart omtala i avisene, og nokre dagar etter kom det inn eit tilsvarende funn, også dette frå Tysnes. Det var ein eikestamn, funnen ti år tidlegare, meterdjupt i ei myr på Midtvåge. Enden er eit tydeleg utskore dyrehovud med gapande kjeft og kvasse tenner. Etter stilen å dømma kan utskjeringane vera frå vikingtida eller tidleg mellomalder.

Stamnane har etter alt å døma vorte lagde i myra før dei var gjorde ferdige. Om dette er uttrykk for ofring eller om det kan ha meir praktiske årsaker, er ikkje godt å seia. Vi veit at båtbyggjarar i eldre tid ofte la emnestykke i vatn eller myr for å halda veden frisk. Det er mogleg at det er slike tusen år gamle emnestykke som kom for dagen i myrane på Dalland og Midtvåge.



På kaien i Godøysund kring hundreårsskiftet.  
Den gamle sjøbua står framleis.  
Over: Godøysund er ei god hamn.

## «SOLSTRAALEØEN»

Ein liten, skogkledd holme ved Store Godøy har gjennom mange år vore kalla SOSTRÅLEØYA. Her veks lind og bok og bjørk og lerk og douglasgran, og eføyen ligg som eit grønt teppe over skogbotnen, mellom kristtorn og villroser. JOHN MUSGROVE, truleg ein av dei mange engelske gjestene som vitja Godøysund Hotel i 1880-åra, fekk i 1889 skøyte på dei to små holmane Erleholmen og Olderholmen. Her bygde han eit borgliknande hus, riktig eit eventyrslott å sjå til, med påbygg og utbygg; «en mellomting mellom et drivhus og en teaterkulisse», som kong Olav uttrykte det. Gjennom eit gåvebrev i 1906 vart Noregs kronprins eigar av «Solstraaleøen». Øya var i kongefamilien si eige fram til 1991. Då vart eigedommen skoytt over til Tysnes kommune, for å bli nytta som rekreasjonsområde.



Båtstamn av eik forma som dyrehovud.